



---

**Utval:** Eidfjord Fjellstyre  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 19.03.2015  
**Tidspunkt:** 19:00 - 20.15                      **Saksnr:** 003/15 – 005/15

---

---

**Følgjande medlemmer møtte ikkje:**

Kari Tveit Hovland  
Samson Hamre  
Dagny Opedal

---

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Håkon Kvammen for Dagny Opedal

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Sekretær Gunnar Elnan

---

Merknader til innkalling:

Ingen merkander

Underskrifter:

Me stadfestar med våre underskrifter at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 20.03.2015

Aslak Myrvang

medlem

Vidar Riber

medlem

## SAKLISTE

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
003/15	Søknad om oppføring av naust for gnr. 33, bnr. 2, feste nr. 15 - Hellehalsen
004/15	Høyring på forslag til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2015
005/15	Ordningar for villreinjakta 2015

Orientering:

KVU Rv7 Hardangervidda – lage eit utkast til uttale med utgangspunkt i lang tunnel. Kiting også som argument.

## **003/15: Søknad om oppføring av naust for gnr. 33, bnr. 2, feste nr. 15 - Hellehalsen**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret ser behovet for å leggja til rette for rasjonell forvaltning av viktige fiskevatn. Fjellstyret ser søknaden som prinsipiell og ynskjer å starta ei drøfting med potensielle brukarar av eit fellesnaust i Hellehalsen med fjellstyret som eigar.

**19.03.2015 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes vedteke med endring.

### **EFS-003/15 Vedtak:**

Fjellstyret ser behovet for å leggja til rette for rasjonell forvaltning av viktige fiskevatn. Fjellstyret ser søknaden som prinsipiell og ynskjer å starta ei drøfting med bygging av fellesnaust i almenningen med fjellstyret som eigar.

## **004/15: Høyring på forslag til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2015**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret er samd i forslag til kvote for 2015. Fjellstyret er i utgangspunktet imot at rubrikken for overføring av fellingsløyve er fjerna frå kontrollkortet. Ei felles haldning til dette mellom fjellstyra på Hardangervidda er viktig.

**19.03.2015 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Røysting:

Samrøystes vedteke

### **EFS-004/15 Vedtak:**

Fjellstyret er samd i forslag til kvote for 2015. Fjellstyret er i utgangspunktet imot at rubrikken for overføring av fellingsløyve er fjerna frå kontrollkortet. Ei felles haldning til dette mellom fjellstyra på Hardangervidda er viktig.

## **005/15: Ordningar for villreinjakta 2015**

**Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Reglane for jakta 2014 vert gjort gjeldande for 2015. Leiar tek med seg signala frå møtet om innspelet frå Ullensvang fjellstyre vedkomande kortbank.

**19.03.2015 Eidfjord Fjellstyre****Handsaming:**

Sjekke om elektronisk søknad med automatisk innføring i søkjarlista og automatisk svar/kvittering til søkjar kan brukast. Bruka heimesida aktivt som salskanal.

Røysting:

Samrøystes vedteke

**EFS-005/15 Vedtak:**

Reglane for jakta 2014 vert gjort gjeldande for 2015. Leiar tek med seg signala frå møtet om innspelet frå Ullensvang fjellstyre vedkomande kortbank.